

Språknytt



Taler varmt
om språka
våre side 6



Leiar

Innhald
4 | 2018

Kvifor røktar me norsk språk?

I REPORTASJEN I DETTE bladet blir det sagt at språkleg forfall ikkje er mogleg. Då er det eit paradoks, tenkjer du kanskje, at me har eit språkråd i det heile tatt. Kvifor skal me arbeida med språkrokt, verna norsk mot engelsk og styrkja til dømes norsk teiknspråk og kvensk? Når Språkrådet gjer dette, arbeider me kvar einaste dag for å hindra språkleg forfall. Eller for å styrkja språket, som me heller seier. Korleis heng dette saman? Svaret er at *språk* kan ha litt ulike tydingar.

Sjølve språket som system kan eigentleg ikkje bli betre eller dårlegare, og me arbeider ikkje for å røkta norsk fordi det er betre enn andre språk. Men *språk* kan òg bety 'språkbruk', og bruken av språket kan variera både i kvalitet og utbreiing. Det gjeld både talespråk og skriftspråk, standardspråk og dialektar, stemmespråk og teiknspråk.

Me har fastsette normer for korleis me skal formulera oss korrekt i skrift, men for talespråket er det noko annleis. Når kvar ny generasjon bruker språket litt annleis enn den førre, representerer ikkje det noko forfall. Talespråket har til alle tider endra seg gjennom bruk. Når mange nok språkbrukarar tek i bruk ei ny form, blir den etter kvart den nye normalen.

Det enklaste svaret på spørsmålet om kvifor me skal verna det norske språket, er at språket er sjølve infrastrukturen vår. Språket er oss, og det bind oss saman, sjølv om det altså endrar seg litt heile tida. Når me ser verdien av å ta vare på norsk som fellesspråket vårt, kan me òg lettare sjå kvifor me må ta vare på dei andre språka me har i landet.

Aasmund Olavsson Vinje har på ein god måte sett ord på kvifor me treng fleire språk og kulturar i verda. Sidan me i 2018 har markert at det er 200 år sidan han vart fødd, passar det å la han avslutta denne leiaren, og dette Språknytt-året, med den andre strofa av diktet «Nationalitet» (1864):

Dei største Tankar vi alltid faa
af Verdsens det store Vit;
men disse Tankar dei brjotas maa,
lik Straaler af Soli, som altid faa
i hver si Bylgje ein annan Lit.


Ase Wetås, direktør i Språkrådet

3 «Det er viktig at norsk språk står sterkt»

5 Språkbrukaren

6 Intervjuet



10 Sanker språkstemmer

13 Styrk norsk i academia!

14 Framtida for språk i Noreg

16 Prisivinner på tidsreise

17 Med andre ord

18 Blir språket vårt dårligere?



23 Norsk språk er nøkkelen til norsk arbeidsliv

24 Nedslag i skandinavisk etternavnshistorie

28 Norsk romani

31 Nyord

32 Klipp

33 Lesarspørsmål

36 Historia bak

«Det er viktig at norsk språk står sterkt»

Det mener i hvert fall de aller fleste av oss. Språkrådet har kartlagt hva vi synes om norsk og nordiske språk.

AV ERLEND LØNNUM

PÅ OPPDRAG FRA Språkrådet har Opinion undersøkt nordmenns holdninger til norsk språk og språkmangfold. Her er noen av påstandene respondentene skulle si seg enige eller uenige i («verken eller»- og «vet ikke»-svarene er utelatt):

Jeg er interessert i norsk språk.

72 % ENIG
7 % UENIG

Det er viktig at norsk språk står sterkt.

87 % ENIG
2 % UENIG

Jeg synes engelsk blir brukt i for mange situasjoner der norsk ville fungert like godt.

64 % ENIG
14 % UENIG

Stedsnavn er kulturminner som det er viktig å bevare.

86 % ENIG
3 % UENIG

En tilsvarende undersøkelse fra 2016 ga omtrent de samme resultatene.

Hovedinntrykket er at interessen for språk er stor i det norske folket. Den er faktisk så stor at 62 % av de spurte mener at de behersker norsk bedre enn gjennomsnittet.

Populære ordbøker

Undersøkelsen viser også at én av tre respondenter har brukt *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* på nett. Tre av fire mener det er viktig med slike gratis nettordbøker, og fire av fem svarer at de er fornøyde med dem.

87 %

av de spurte mener det er viktig at norsk språk står sterkt



Ni av ti nordmenn er uenige i påstanden «Jeg ville foretrukket at flere svenske og danske filmer og TV-serier ble dubbet (fremfor å bli tekstet)». Svenske klassikere som «Pippi Langstrømpe» dubbet ikke til norsk, men mange andre skandinaviske barneprogrammer blir dubbet. Foto: SVT

Nordisk språkforståelse

I årets undersøkelse kunne respondentene også si noe om sitt forhold til svensk og dansk:

Det er lett å forstå svensk muntlig.

83 % ENIG
4 % UENIG

Det er lett å forstå dansk muntlig.

35 % ENIG
33 % UENIG

Jeg bytter ofte til engelsk når jeg snakker med dansker.

19 % ENIG
60 % UENIG

Jeg prøver ofte å forsvenske ord eller snakke «svorsk» når jeg snakker med svensker.

18 % ENIG
61 % UENIG

Jeg prøver ofte å fordanske ord eller snakke en blanding av norsk og dansk når jeg snakker med dansker.

11 % ENIG
69 % UENIG

Jeg bytter ofte til engelsk når jeg snakker med svensker.

5 % ENIG
85 % UENIG



” på en måte
liksom
holdt jeg på å si

Fylla har skylda

DE SITERTE ORDENE ovenfor er på en måte sånne fyllord. Eller rettere sagt: ikke bare *på en måte* – de ER fyllord. Og språket vårt er fullt av dem.

Når vi snakker fritt, trenger vi små pauser for å tenke oss om, samtidig som vi ønsker å holde på ordet. Da fyller vi gjerne tomrommene med småord og standardfraser, i verste fall uten å variere dem. Eller vi tyr til god, gammeldags – eehh – nøling.

På en måte er et godt uttrykk når vi faktisk ønsker å ta et lite forbehold. Men bruker vi det stadig vekk, forsvinner virkningen. Direkte komisk blir det hvis vi *på en måte* slår noe fast med 100 prosent sikkerhet. Det har liksom bare blitt helt obligatorisk å bruke dette uttrykket i tide og utide!

Liksom, med den muntlige varianten *lis-som*, er også en smittsom kandidat til fyllordprisen. Det samme kan vi si om *holdt jeg på å si*. For det går i ball når budskapet drukner i slike ukritiske forbehold – for å si det sann, hvis du skjønner hva jeg mener, og så videre.

En annen overbrukt ordtype er uttrykket *jeg bare*, som særlig unge mennesker innleder sine ytringer med når de skal dramatisere siste nytt: «Jeg bare ditt, og han bare datt.» Det samme gjelder engelske ord som *whatever*, som også mange nordmenn tyr til for å vise at de ikke bryr seg likevel. Litt slang får vi tåle, men alt med måte, som det heter.

Whatever.

” jeg bare
whatever

interjuet



Foto: Mona Lindseth / Venstre

Også englar taler trøndersk

Kulturminister Trine Skei Grande har hjarte for språk, både som politiskar og privatperson.

AV ERLEND LØNNUM

STATSRÅDEN I KULTURDEPARTEMENTET taler varmt om språkmangfaldet i Noreg – om målformer og minoritetsspråk, om dialektar og ungdomsspråk, om lover og reglar og mykje meir. Det er altså ein ekte språkpolitiskar som taler:

«Som kulturminister vil eg seie at språk er den kanskje viktigaste kulturberaren i samfunnet.»

Språk i heimen

Korleis oppstod interessa di for språk og språkpolitikk?

– Da eg vaks opp i Overhalla i Trøndelag, gav familien meg streng beskjed om å halde på dialekten, same kva eg skulle bli, og kor eg måtte flytte. Det gjorde meg språkleg medviten frå tidleg i livet, og det har hjelpt meg mykje.

For å illustrere fortel ho om den gongen ho skulle vere engel i julespelet på skolen.

– Mamma hadde laga englevingar av gule reklameplakatar frå Spar-butikken og sydd om eit laken til kostyme. Da eg stod på kjøkkengolvet og øvde på dei få replikkane eg hadde, sa mamma: «Du må hugse

på å ikkje snakke bokmål. Du må snakke dialekt.» Eg protesterte: «Men mamma, har du nokon gong høyrte om ein engel som snakkar trøndersk?» «Ja», sa mamma, «eg er sikker på at dei finst.» Sidan har eg halde på at også englar snakkar trøndersk.

– Eg er sikker på at medvitnet om dialektar gir oss eit større språkleg medvit i det heile. I Noreg er vi særst heldige som har to skriftlege variantar av hovudspråket vårt, bokmål og nynorsk, og eit høgst levande dialektgrunnlag som er legitimert av dei to skriftspråka, seier Skei Grande, og understrekar at ho kjem frå nynorskpatriet Venstre. ►

Statsråden minner om at språka, også dialektane, utviklar seg og er fulle av lånte ord.

– Trønderdialekten min har fått mange uttrykk frå tysk og engelsk fordi det var mange tyske og engelske fiskarar i heimtraktene på 1800-talet. Derfor seier vi at vi «lieber» kvarandre når vi er forelska. I Verdal, litt lenger sør i Trøndelag, finn ein fleire franske ord etter dei franske soldatane som var der ein gong i tida. Der kallar dei ein folkehøp for «plottong».

– Det er altså ikkje slik at dialektane er heilt urnorske. Min dialekt er ganske internasjonale, og det synest eg er kult. Og kven veit, kanskje grandnevøen min kjem til å ta inn nokre ord frå urdu i talespråket sitt?

Språk i ungdomen

Kva vil du seie om språket til unge nordmenn?

– Det er morosamt å følgje med på språkutviklinga til dei unge. Stadig fleire lærer seg norsk i dag, og stadig fleire skriv meir enn før. I oppveksten min skreiv vi stil ein gong i månaden og nokre brev i ny og ne, og det var det. I dag skriv dei unge SMS-ar og Facebookoppdateringar dagleg og leverer skriftlege skoleoppgåver langt oftare. Eg trur derfor at det språklege medvitet er større i dag enn da eg var ung.

– Eit anna døme er bannskapen. Særleg unge banner stadig oftare på andre språk enn norsk. Er det fordi vi prøver å vere meir siviliserte, fordi banning på engelsk ikkje er så ille? Nei, vi må nok slå eit slag for den norske bannskapen igjen.

– Uttrykksmåtar frå eit anna språk kan uansett gi ein annan effekt. Det merkte eg da eg var i bryllaupet til bestevenninna mi. Ho ønskte eigentleg å avslutte talen til mannen sin med «Eg elsker deg», men da ho stod og øvde, begynte ho berre å grine, så ho valde i staden å seie «I love you».

Språk i samfunnet

Kva er dei største utfordringane for norsk språk framover?

– Språket er i endring heile tida, og det er ingen grunn til å slå alarm fordi vi tar inn enkeltuttrykk frå andre språk, sjølv om vi helst bør finne norske ord der vi kan. Det er langt viktigare å passe på at andre språk ikkje overtar heile felt i samfunnet, slik engelsk er i ferd med å dominere i akademia. Viss eit språk mistar den akademiske versjonen, mistar det til slutt seg sjølv og blir eit kjøkkenspråk. Det uroar meg. Derfor tar vi i Kulturdepartementet grep for å ta vare på det norske fagspråket, i samarbeid med Kunnskapsdepartementet, Språkrådet og universitets- og høyskolesektoren.

– Eit anna felt vi ønsker å satse stort på framover, er språkteknologi. I statsbudsjettet har regjeringa løyvd 10 millionar kroner til Språkbanken, som samlar inn viktige språkdata. Skal vi henge med i den raske teknologiutviklinga, må vi òg samle inn slike data. Det må ikkje bli sånn at vi berre kan snakke engelsk til smarthøgtalarane våre. Også Magda på Voss skal få lov til å snakke vossedialekt til roboten sin på kjøkkenet. Men hittil har ikkje spørsmålet om språkdata fått så mykje merksemd.

Kan hende blir det annleis når den nye språklova kjem?

– Ja, det får vi håpe. Norsk språk treng ei lovforankring. Derfor er vi i gang med å lage ei språkløve og ei språkmelding knytt til den nye lova. Eg er mellom anna opptatt av at vi må sikre det norske teiknspråket, dei nasjonale minoritetsspråka og dei samiske språka betre.

Språk i mindretal

Kvifor kan du så mykje om til dømes teiknspråk?

– Det er fordi eg har fleire venner som bruker teiknspråk. Det var fleire i døvemiljøet som begynte å engasjere seg i Venstre, og på dei første landsmøta hadde vi teiknspråktolkning. Nå trur eg faktisk at alle partia bruker teiknspråktolkar. Så vi sette standarden.

«Norsk språk treng ei lovforankring.»

– Eg heldt fleire foredrag for Døveforbundet, der eg insisterte på at dei ikkje berre burde vere ein interesseorganisasjon, men at dei òg måtte inn i partia og påverke politikarane frå innsida. Det er ikkje lenge sidan dei fleste partia snakka om teiknspråk som eit hjelpemiddel for funksjonshemma og ikkje som eit eige språk. Eg er glad for at vi i dag har klart å auke medvitet og kunnskapen om norsk teiknspråk. Det skal vi halde fram med.

– Eit anna språk eg vil trekke inn, er sør-samisk, som var morsmålet til fleire der eg budde som barn. Men dei skjemdest over å bruke det. Det gjorde sterkt inntrykk på meg. Det gjorde òg Alta-saka, som blei ein politisk vekkar for meg. Den gongen handla det ikkje så mykje om miljøet for min del, men om at storsamfunnet tråkka på dei små menneska, at staten køyrde over enkeltindividet. Det handla om det å vere samisk og det å ha eit anna språk. Og det vekte det språkpolitiske engasjementet mitt.

Språk i staten

Korleis står det til med det språket styresmak-tene bruker overfor befolkninga?

– Staten er ein viktig språkinstitusjon. Statens største utfordring er ikkje å halde på det faglege i språket sitt, men på klarleiken. Det er ikkje slik at jo vanskelegare du skriv, jo smartare er du. Av og til må du vere skikkeleg smart for å skrive noko enkelt. Eg ønsker at staten skal kunne skryte av det.

– For å ta vare på språket og jamne ut skilnader i samfunnet må vi halde fram med det gode klarspraksarbeidet. Når styresmaktene skriv så folk forstår det, kjem det fram at staten er noko som høyrer til folket. Det skal ikkje vere slik at du må ha ein høgare universitetsgrad for å forstå eit brev frå det offentlege.

– Målet er at vanlege borgarar skal kunne lese og forstå lovverket. Det skal vere mogleg

også for meg, som berre har rettslære valfag frå vidaregåande skole, å skjønne ein høgsterettsdom. Det er viktig for demokratiet.

Språk i regjeringa

Korleis har du opplevd prosessen rundt KrFs ønske om å ville bli eit regjeringsparti?

– Eg er glad for at vi nå skal begynne å diskutere politikk mellom partia igjen. I språkpolitikken gler eg meg til å ha KrF på laget i regjeringa. Venstre og KrF har ei nær tilknytting til det språkleg samansette Noreg. Det skal bli morosamt å jobbe med både ei språkmelding og ei språkløvsaman med dei andre i regjeringa.

Språk på talarstolen

Trine Skei Grande trivst godt på talarstolen, men helst når ho kan tale fritt.

– Eg har alltid hatt litt problem med å lese. Det har gjort det enda klarare for meg kor viktig språk og særleg skriftspråk er, og kor mykje folk mistar når dei ikkje har full tilgang til skriftspråket.

– Eg minnest godt da læraren sette seg ned med mamma og sa: «Trine ser ikkje forskjell på alle bokstavane, så det må vi øve på.» Og så øvde vi på det, om att og om att, til eg klarte å skilje mellom B og D. Heldigvis var det ingen som prøvde å stille ein diagnose ved å kalle det dysleksi eller noko liknande. Det handla berre om å arbeide litt hardare enn andre.

– Framleis kan eg bli stressa av å lese teksttar. Det veit medarbeidarane mine alt om, for eg følgjer ikkje alltid manus. Noko av det skumlaste eg gjer, er å lese høgt grunningjevinga til ein jury. Da må eg jo halde meg til det som faktisk står der. Eg kan ikkje akkurat improvisere. Men vi som ikkje er så stødige til å lese, er samstundes ganske heldige, for vi har utvikla mange gode teknikkar. Dei kunne alle hatt godt av å lære. ●

Sanker språkstemmer

– Framtida for norsk språkteknologi ser lys ut, sier professor Koenraad De Smedt. Men vi trenger mye mer data på norsk.

AV KRISTINE EIDE OG OLE VÅGE

NY SPRÅKTEKNOLOGI BLIR stadig «smartere», men foreløpig virker teknologien bedre på engelsk enn på norsk. Koenraad De Smedt, professor i datalingvistikkk ved Universitetet i Bergen, har tanker om det norske språkets plass i språkteknologien.

– Jeg synes framtida ser lys ut. I Norge er man bevisst på hvor viktig det er å ha IKT på norsk, i motsetning til i mange andre land. Se for eksempel på Malta, der myndighetene ikke er interessert i språkteknologi på maltesisk, men bare på engelsk. Men nordmenn har positive holdninger til sitt eget språk. Norsk står sånn sett sterkt, sier De Smedt.


– Men det kan være vanskelig å få tak i nok norske språkdata fra ulike domener. Det er en utfordring i utviklingen av gode IKT-løsninger, for eksempel automatiske oversettelser.

Norge er en svært liten del av verdensmarkedet. Likevel er smarthøytaleren Google Home kommet i norsk versjon. Kan vi ikke bare stole på at store aktører som Google og Amazon utvikler teknologien og produktene for oss?

– Det er klart at vi må koble oss til noen større internasjonale datasystemer, men vi må også takle en del oppgaver selv, ikke minst på grunn av sikkerhet. Generelt må man være varsom med å bruke datasystemer som er laget utenfor Norge og EU, og konfidensielle data skal ikke gis til flernasjonale selskaper som Google, som har språkteknologiske løsninger bygget inn i egne systemer.

Språk som mat

Skal språkteknologiske produkter fungere tilfredsstillende på norsk, trenger de store mengder gode norske språkdata. Datautviklere mater programmene med ordlister, tekster og taleopptak, som blir sendt inn i et for-



døysessystem som består av programkoder og algoritmer. Så bearbeides det språklige materialet på ulike måter, alt etter hva det skal brukes til.

– I den ene enden av skalaen finner vi samtaleroboter (chatbots), som vi møter blant annet på bankenes nettsider. De kan ikke formulere seg, de må mates med forhåndsprogrammerte svar på hyppige og enkle spørsmål fra oss kunder, sier Per Kristian Bjørkeng, teknologijournalist i Aftenposten og aktuell med boka *Kunstig intelligens – den usynlige revolusjonen*.

– I den andre enden av skalaen har vi den nye generasjonen maskinoversettelse, som bygger på kunstig intelligens og maskinlæring. Disse programmene mates med paral-

lelle tekster på ulike språk. Ved å sammenligne med tidligere oversettelser lærer de seg å oversette setninger på et nivå som nærmer seg gode menneskelige oversettere. Jo større databaser med oversettelser, og jo kraftigere datamaskiner som kan bearbeide dem, jo høyere blir kvaliteten. Derfor er det oversettelser mellom de største språkene som får den beste kvaliteten.

Til tross for en rivende språkteknologisk utvikling de siste årene er det fortsatt mye som gjenstår. Flere av programmene skiller for eksempel ikke mellom de to norske målformene. Noen av dem forstår rett og slett ikke nynorske ord. Utviklerne trenger derfor språkdata fra både bokmål og nynorsk for å skape gode nok produkter som treffer alle. ▶



ORDLISTE

- **samtalerobot** eller **praterobot** (eng. *chatbot*): programvare som skal forstå naturlig språk, og som gir svar tilbake
- **smarthøytaler**: boks som ved hjelp av talegjenkjenning kan oppfatte og utføre muntlige kommandoer fra mennesker, og som kan svare
- **talegjenkjenning**: teknologi som kan oppfatte og tolke menneskelig tale
- **talesyntese**: det å produsere talt språk, gjerne med utgangspunkt i tekst
- **kunstig intelligens**: etterlikning av menneskelig intelligens i et datasystem
- **nevrale nettverk**: datasystem brukt i maskinlæring som skal etterligne menneskers måte å lære noe på

Foto: metamorworks / iStockphoto

Tale er også gull

Utviklerne er ikke bare på jakt etter tekster, de vil også ha stemmer. De såkalte smarthøytalerne som nylig er lansert på norsk, trenger å bli kjent med uttalen vår for å forstå oss. Det er ingen enkel sak, for dialektmangfoldet her til lands byr på særlige utfordringer.

– Den talebaserte språkteknologien takler fortsatt ikke norske dialekter like godt som bokmålsnær tale. Vi risikerer derfor at mange av oss kommer til å snakke med en mer avslepen dialekt for å gjøre oss forstått, sier Bjørkeng.

Det er problematisk, for formålet med språkteknologien er å gjøre hverdagen vår enklere. Vi skal kunne slå på lyset hjemme eller høre veimeldinger i bilen uten å slippe det vi har i hendene. Vi skal kunne få oversatt nyheter fra italiensk og arabisk til norsk og få hjelp fra banken eller kommunen uten å måtte sitte i telefonkø. Da burde det ikke spille noen rolle om vi skriver nynorsk eller bokmål, eller om vi snakker vår naturlige dialekt.

Språk i banken

Mangelen på språkdata begrenser de mulighetene som ligger i språkteknologien. Språkrådet og Nasjonalbiblioteket samarbeider

derfor om å bygge opp Språkbanken, en elektronisk samling av språkdata som fritt kan gjenbrukes for å utvikle språkteknologiske tjenester og produkter. I Språkbanken kan utviklere – enten de er små oppstartsbedrifter eller større flernasjonale selskaper – hente blant annet taledata, flerspråklige termlister og tekstsamlinger.

– Vi ønsker særlig at offentlige organisasjoner skal gi fra seg språkdata til Språkbanken for at hele samfunnet skal kunne høste gevinstene i framtida, sier Åse Wetås, direktør i Språkrådet. – Gjennom Språkbanken ønsker vi å legge til rette for at norsk skal bli et naturlig språkvalg i alle språkteknologiske løsninger.

Per Kristian Bjørkeng sier at vi bare har sett begynnelsen på de mulighetene språkteknologien kan tilby.

– Tenk bare på hvordan framtidige oversettelsesprogrammer kan gi oss tilgang til kunnskap på en helt ny måte. Vi vil kunne lese tekster på andre språk enn engelsk, og norske tekster vil med noen få tastetrykk være tilgjengelige for et internasjonalt publikum.

Kristine Eide og Ole Våge er seniorrådgivere i Språkrådet.

OM SPRÅKTEKNOLOGI

Språkteknologi er datamaskinell bearbeiding av naturlig språk. Den omfatter alt fra automatiske programmer som stavekontroll og oversettelse til søking på internett, samtaleroboter, talegjenkjenning og talesyntese. De siste årene er kunstig intelligens og nevrale nettverk blitt bygget inn i språkteknologien. Datamaskinene blir stadig «smartere», både til å forstå hva vi sier og skriver, og til å reprodusere naturlig språk, altså språket slik mennesker snakker det (i motsetning til kunstige språk og programmeringskoder).

Vi møter språkteknologien stadig oftere i hverdagen, for eksempel på Facebook, der kommentarer på andre språk automatisk blir oversatt til norsk, i stavekontrollen og i små bokser hjemme på kjøkkenbenken, som Amazons Alexa og Google Home.



Styrk norsk i akademia!

Statsrådene Trine Skei Grande og Iselin Nybø inviterer til diskusjon om norsk fagspråk.

PÅ EIN KONFERANSE på Universitetet i Oslo 13. november stilte kulturminister Trine Skei Grande og forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø spørsmålet: Korleis kan vi i ein internasjonalt orientert universitets- og høgskulesektor ta vare på og vidareutvikle norsk fagspråk?

Dei viste til at det overordna målet for språkpolitikken er å sikre norsk som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg, og at universiteta og høgskulane har eit lovfesta ansvar for å utvikle norsk fagspråk.

Ord frå Trine Skei Grande

– Det er eit kulturtap om vi ikkje klarer å kommunisere på norsk også på fagfelta i UH-sektoren. Ein kunnskapsversjon av vårt eige språk er eit fundament i samfunnet.

– Om ein trur at engelsk er meir presist,

undergrev ein norsk som fagspråk. Det finst like presise uttrykksmåtar på norsk.

– Det er lønsamt for det norske samfunnet å ha eit godt norsk fagspråk, og det er viktig for tryggleiken på norske arbeidsplassar.

Ord frå Iselin Nybø

– Vi vil hindre at norsk fagspråk forvittrar. Vi må ha eit medvite forhold til kva som skal vere på norsk og engelsk. Derfor pålegg vi UH-sektoren å sjå nærmare på det ansvaret dei har for norsk språk.

– Det er lite vi kan gjere med at engelsk er vår tids latin. Men det ville vore trist om vi måtte ty til engelsk for å kunne si noko om faget vårt.

– Det er meir sannsynleg at ein når eit høgt fagleg nivå viss ein brukar morsmålet og ikkje eit framandspråk.



Språk i N

- kultur og infras

- 12 Språkmangfold i arbeidslivet
- 22 Ein språkteknologisk kvardag
- 30 Mediespråk i endring

Framtida for språk i Noreg

Språkrådets framtidsutval leverte rapporten *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* til kulturminister Trine Skei Grande 21. november. Mandatet har vore å finne ut kor ein må setje inn kreftene for å sikre språka i Noreg.

UTGANGSPUNKTET FOR FRAMTIDSUTVALET har vore stortingsmeldinga *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* frå 2007–2008, og mykje av arbeidet har handla om å samanlikne situasjonen i dag med det bilettet som blei teikna der. I tillegg har gruppa vurdert om språkpolitikken også bør dekkje arbeidsfelt som ikkje var tema for ti år sidan.

Temaa i rapporten er språkmangfald i arbeidslivet, språkteknologi i kvardagen, medie-

språk i endring, språk i skolen, språkval i akademia og det fleirspråklege Noreg.

Tydelegare språkansvar

I føreordet til rapporten skriv utvalet:

«Det er ingen tvil om at norsk språk er ein sentral infrastruktur i det norske samfunnet. Denne infrastrukturen står sterkt, men han må røktast for å halde seg sterk også i framtida.



«Rapporten vil bidra til mange diskusjonar om viktige spørsmål i det norske språklandskapet i åra frametter.»

FRAMTIDSUTVALET

TILRÅDINGAR FRÅ UTVALET

- Opplæring i norsk er sentralt i eit fleirspråkleg arbeidsliv, og særleg EØS-innvandrarar må sikrast tilbod om å lære norsk.
- Ei fornya satsing på innsamling av og arbeid med språkdata som speglar norsk talemål og skriftspråk, er naudsynt for at gode språkteknologiske produkt skal bli tilgjengelege på norsk.
- Dei språkpolitiske måla må styre valet av politiske verkemiddel på mediefeltet for å sikre at norsk språk blir brukt og utvikla.
- Norsk må inngå i den obligatoriske delen av grunnskolelærarutdanninga, slik at alle barn får sikra dei språklege rettane sine på både bokmål og nynorsk.
- Det trengst overordna, effektive insentiv og ressursar for å støtte bruken av norsk i universitets- og høgskolesektoren.
- Det må fastsetast i den varsla språklova at staten har eit ansvar for å verne og fremme dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romanes, romani og norsk teiknspråk.
- Språkrådet må i større grad enn i dag få ansvar for og nytte ressursar på formidling av kunnskap om fleirspråklegheit.

I vedtektene til Språkrådet står det at 'Språkrådet skal verna om den kulturarven som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremja tiltak som kan auka kunnskapen om norsk språk, fremja toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i den eine eller andre varianten, og verna om dei rettane som kvar enkelt borgar har når det gjeld bruken av språket'. Språkrådet har også i oppgåve å 'ta omsyn til den totale språksituasjonen i landet', men det er vagt forklart kva dette eigentleg tyder i praksis. Utvalet meiner at Språkrådet må tilleggst eit tydelegare ansvar for å fremme toleranse og gjensidig respekt for heile det språklege mangfaldet i Noreg og ikkje berre for norsk språk.»

Utvalet understrekar vidare at språk grip inn i mange sektorar: «Det er noko mange

departement har og bør ha ein aksje i, men sjølv ti år etter *Mål og mening* har ikkje språkpolitikk blitt det sektorovergripande politikkområdet det bør vere.»

FAKTA OM FRAMTIDSUTVALET

Framtidsutvalet har gitt innspel om kva som bør vere dei viktigaste innsatsområda for norsk språk, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk. Språkrådet har vore sekretariat for utvalet. Medlemmene i utvalet har vore

- Unn Røynealand (UiO, leiar)
- Terje Lohndal (NTNU, nestleiar)
- Hilde Sollid (UiT)
- Wegard Harsvik (LO)
- Hilde Sandvik (Broen.xyz)
- Shahzad Rana (Microsoft)
- Hildegunn Soldal (NRK)

Maria Berg Reinertsen takker for prisen fra Språkrådet.

Foto: Audun Braastad / NTB scanpix



Prisvinner på tidsreise

Journalist og forfatter Maria Berg Reinertsen er vinner av Språkprisen 2018. Forfatteren deler gjerne anekdoter og refleksjoner fra sin egen situasjon som skrivende, uten å ta oppmerksomheten bort fra emnet.

MARIA BERG REINERTSEN FIKK prisen for sine økonomijournalistiske tekster i Morgenbladet og for bøkene *Henriette Schönberg Erken. En norgeshistorie sett fra kjøkkenbenken* (2013) og *Reisen til Bretton Woods. Begynnelsen på verden av i går* (2017).

Framstående formidler

– Å tilegne seg fagkunnskap er bare begynnelsen for en god formidler. Neste steg er å finne et språk som kommuniserer med mennesker som mangler forkunnskaper og ikke kjenner fagsjargongen. Maria Berg Reinertsen har vist seg som en framstående formidler på sitt fagfelt. Hun utmerker seg med kreative og lekne formidlingsgrep som fører oss tilbake i tid, både i innhold, stil og innramming, sa Sverre Tusvik på vegne av språkprisjuryen.

«I Morgenbladet ba hun oss nylig om å ta elefanten i rommet ved snabelen og anerkjenne at de rikeste har et særlig ansvar for sosial

bærekraft», skriver juryen i begrunnelsen. «De faglige og politiske analysene kan man være enig eller uenig i, men språket vil uansett vekke begeistring, uavhengig av lesernes politiske ståsted. Med rikt ordforråd og sikker formsans tar Maria Berg Reinertsen oss med på fiffige tankesprang i sine tidsreisetekster.»

De andre nominerte til årets språkpris var Nina Brochmann, Ellen Støkken Dahl, Dag O. Hessen og Geir Hestmark.

SPRÅKPRISEN

- Språkprisen er Språkrådets pris for fremragende bruk av norsk språk i sakprosa.
- Prisen er på 100 000 kroner og blir delt ut annethvert år for bokmål og nynorsk.
- Juryen har bestått av Sverre Tusvik (leder), Toril Opsahl, Merete Røsvik og Knut Hoem.

I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

Prank og practical joke

Rett som det er, blir hjulet funne opp på nytt både i vitseverda og i språket. Ikkje få eldre norske skribentar har skrive om *practical jokes*, som om det var eit engelsk fenomen. No snakkar mange unge om *pranks*, som om det var eit *nytt* fenomen. Men nordmenn har alltid drive med *puss*, *pek*, *pretter* og *spikk* på morsmålet. Vi «prankar» deg ikkje, altså.

Stykke og strek

Det er ingen skort på ord for *practical jokes* i norsk. Vi kan dela orda i tre grupper. Dei to fyrste er

- ord med *-stykke* (*fantestykke*, *gapestykke*, *skjelmstykke* ofl.)
- *strek* og samansetningar med *-strek* (*ape-strek*, *fantestrek*, *gapestrek*, *narrestrek*, *reve-strek*, *skalkestrek* og *skøyarstrek*)

Desse orda er dekkjande, men nokre av *streka* kan òg stå for lureri som ikkje har humoristisk siktemål, slik *rampestrek* kan ha. I verste fall kan det vera snakk om *meinstrek* med leie konsekvensar. Men *stykke* finst det òg reint positive variantar av, som *meisterstykke* og *kunststykke*.

Puss og pek

Den tredje gruppa inneheld stutte ord som

- *pek*, *prette* (nokre stader *prett*), *puss*, *spikk*, *smeit*, *fiff*, *fynte*

Smeit er lite utbreidd, og *fiff* (jf. *fiffig*) har meir eller mindre mista den aktuelle tydinga. *Fynte* har den rette tydinga i somme dialektar, men kan òg visa til andre løgne påfunn og fakter (jf. *finte*, som nok er same ordet).

Puss og *pek* er vel kjende frå bokmål òg. *Puds* finst dessutan i dansk; det kjem frå mellomlågtyisk *pusse*, *putze*. Bokmålsordboka forklarar det med 'skøyerstrek'. Det heiter som kjent å *spela nokon eit puss*. *Pek* kan òg heita *peik* på nynorsk, men i denne tydinga er det faktisk vanlegast med monoftong, òg i dialektar der det heiter å *peika* eller *peike*. Bokmålsordboka forklarar *pek* med 'puss, narrestrek': Ein *gjer nokon eit pek*.

Prette og spikk

Endeleg har vi *prette* og *spikk*, som er det tradisjonelle i svært mange dialektar for *prank* og *practical joke*. Det finst òg eit ordtak med *prette*: *Den som gjer ei prette, kan venta ei prette att*. Ein *gjer* altså nokon *ei prette*, men ein kan òg *pretta* nokon, altså bruka eit verb, jf. å *pranka* /*prænka*/, som mange no seier.

Det er så at *spikk* og *prette* òg kan ha ei vidare tyding innanfor lureri- og svikarfaget, men dei dekkjer dei engelske orda bra. Om ein ikkje har noko betre å ta seg til, kan prettemakarar trygt halda fram med harmlause «pranks» og kalla dei noko meir originalt.

Er sjøkken et tegn
på forfall?



Bli språket vårt dårligere?

«Alle» snakker om språklig forfall. Men kan språket egentlig forfalle?

AV ASTRID MARIE GROV

VI MENNESKER HAR en tendens til å mene at yngre generasjoner gjør mye feil. Språket deres, for eksempel, er en stadig kilde til irritasjon. Av alle henvendelsene Språkrådet får i løpet av et år, er det ikke rent få som inneholder hjertesukk over «språklig forfall».

Men finnes det språklige forfallet, eller er det bare en illusjon? Og hvis det bare er en illusjon, hvorfor er vi så mange som irriterer oss?

– Ingen språk er bedre enn andre

Rolf Theil er professor emeritus i allmenn og afrikansk lingvistikk ved Universitetet i Oslo og har kjennskap til mange språk over hele verden. Han mener språklig forfall er helt umulig.

– Jeg har aldri sett noe eksempel på at språk har forfalt som kommunikasjonssystem. At språk endrer seg, gjør dem verken bedre eller dårligere egnet til å kommunisere med.

Theil mener folks oppfatninger om at språk blir dårligere når de forandrer seg, bunnar i at vi mennesker er glad i det kjente.

– Så lenge språk har eksistert, har de endret seg. Og vi har alltid godtatt de endringe-

ne som har skjedd, men ikke dem som bryter med det språket vi selv har lært.

Vi mennesker er også selektive når det gjelder hvilke språkendringer vi legger merke til, sier han.

– Vi har en tendens til bare å irritere oss over de endringene som gjelder det vi oppfatter som statusspråket. Et tydelig eksempel på det er sammenfall av lyder. *Kjøkken* som blir til *sjøkken*, skaper sterke reaksjoner. Men når den såkalte tjukke l-en nå er i ferd med å forsvinne fra talemålet i Oslo, er det ingen som reagerer, til tross for at den har vært der i uminnelige tider. Årsaken er at den ikke er en del av prestisjespråket.

Folks irritasjon over språklig forfall er ofte basert på forestillinger som ikke er riktige, sier Theil.

– Jeg hører ofte påstanden at folk ikke skiller mellom 'de' og 'dem' i talespråket lenger. Men det stemmer ikke at folk gjorde det noe mer for 50 eller 100 år siden enn de gjør nå. Oppfatningen er styrt av hva som er riktig i skrift.

Irritasjon over språket er egentlig en form for borgerlighet, mener Theil. ►



«Lingvister bør ikke opptre som dommere.»

ROLF THEIL

Foto: Ringerikes Blad

– På samme måte som at noen er veldig opptatt av hvor kniven skal ligge, og hvor glasset skal stå på et middagsbord, er noen opptatt av at språket skal være sånn og sånn. Så selvfølgelig kan det i det praktiske liv være en ulempe for enkeltindividet å si *sjøkken* og *sjino*, men den vil nok være større i noen miljøer enn i andre. Akkurat dét handler om noe helt annet enn språklig forfall.

Standardspråk

Rolf Theil innrømmer at han selv også kan irritere seg over språkbruk som avviker fra den han er vant til.

– Jeg er også et menneske, ikke bare språkforsker. Jeg kan for eksempel irritere meg over folk som bruker mange engelske ord når de snakker. Samtidig innser jeg at jeg har et mer liberalt forhold til de engelske lånordene som allerede var der i min egen barndom, så irritasjonen blir selvfølgelig helt irrasjonell.

Ut fra forutsetningen om at det ikke går an å snakke om språklig forfall, skulle man kanskje tro at Rolf Theil mener man aldri burde definere noe som rett eller galt i språket. Men slik er det ikke.

– I moderne samfunn er det vanlig å holde seg med standardiserte skriftspråk, og til

dels også talespråk, der ordbøker og grammatikker definerer hva som er innenfor, og hva som er utenfor. Det er en utbredt oppfatning at særlig standardiserte skriftspråk er en fordel i et samfunn som vårt. Det er også jeg enig i, og det legitimerer for eksempel Språkrådets rolle.

Det er viktig å påpeke at galt standard-språk er noe helt annet enn galt språk, mener Theil.

– Om man skriver «Jeg så de» istedenfor «Jeg så dem» på bokmål, er ikke det galt språk. Det er bare ikke innenfor rettskrivningen.

Rolf Theil sier lingvister flest er enige om at språklig forfall er en umulighet. Han mener språkvitere av den grunn skal holde seg unna å snakke for mye om rett og galt.

– Lingvister bør ikke opptre som dommere for sider ved det norske skriftspråket som ikke er standardisert. Det synes jeg er direkte uvitenskapelig.

Språkets estetiske side

Tor Guttu, førsteamanuensis emeritus i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Oslo, mener Theils innfallsvinkel til språklig forfall er for snever.



«Språket har også en estetisk side.»

TOR GUTTU

Foto: Språkrådet

– Allmenningvister legger vekt på at språk skal forstås, og godtar vel da i prinsippet de forandringer som ikke nedsetter forståelsen.

Guttu sier han er klar over at språklige endringer alltid har skjedd, men mener likevel det er fornuftig å motarbeide mange av dem.

– Man kan ikke se bort fra andre sider ved språket i vurderingen av om språk kan forfalle. Språklige endringer i rene talespråkssamfunn er mindre kritisk enn i moderne samfunn, der normer og standardisering er viktig. Også standardspråkene vil endre seg, men det må ikke skje for raskt. Det gjelder særlig i skrift, men også i tale. For raske språklige endringer, og det gjelder endringer av enhver art, skaper uro i samfunnet og svekker språket som bindeledd mellom generasjonene. Å bevare språket er en måte å hegne om den nasjonale identiteten vår på.

I motsetning til Rolf Theil mener Guttu at utviklingen fra *kjøkken* og *kino* til *sjøkken* og *sjino* i talespråket er et eksempel på språklig forfall.

– Sammenfallet av lydene har nok ikke så mye å si for forståelsen, for betydningen vil gå fram av konteksten. Men språket har også en estetisk side, og jeg mener det finnes en

noenlunde felles oppfatning av hva som er vakkert, stygt, riktig, mindre riktig og direkte galt. Hvis tilstrekkelig mange oppfatter tilstrekkelig mange språknyheter som uheldige eller skjemmende eller som direkte feil, kan vi godt tale om forfall, selv om språket også brukes med dyktighet og mesterskap.

Språklig forfall handler om mer enn lydendringer, mener Guttu.

– Mange snakker for fort og artikulerer for utydelig, også foran mikrofonene i radio og TV. Er det deres skyld og ikke vår at vi ikke forstår alt de sier, så står vi vel overfor et forfall også allmenningvistisk sett? Man har alltid tid til å artikulere skikkelig.

Tor Guttu er opptatt av at et samfunn må ha idealer for godt språk, både i tale og skrift.

– Det bør være kanaler i et språksamfunn der man vet man kan få høre godt talespråk og se godt skriftspråk. Aviser, radio og TV bør ha den funksjonen. Dessverre er den språklige kvaliteten variabel.

Forsiktig med å dømme

Som direktør i Språkrådet er Åse Wetås selve personifiseringen av riktig og galt i språket. Hun er likevel ikke så glad i begrepet «språklig forfall».



«Endringer i normen er ikke språklig forfall.»

ÅSE WETÅS

Foto: Moment Studio

– Standardspråkene er viktige i vårt moderne samfunn, men vi må ikke se oss blinde på dem. En norm er norm fordi vi bestemmer oss for at den skal være det. Det er konvensjoner og ikke naturlover som styrer hvordan skriftspråket vårt ser ut. I mange tilfeller kunne vi like gjerne ha bestemt oss for noe annet. Når vi gjør endringer i skriftspråksnormen, kan ikke det kalles språklig forfall. Det samme gjelder for eksempel lydendringer i talespråket.

Oppslagsverkene våre er bare *veiledere* for norsk språk, sier Wetås.

– Folk tror ofte at en ordbok er en katalog over alle tillatte eller eksisterende ord i et språk. Det er det jo slett ikke. Vi trenger ordbøker og grammatikker over det normerte skriftspråket for å tilegne oss dette. Men en del av bruksspråket i Norge er ikke å finne igjen i de mest brukte oppslagsverkene, særlig når det gjelder talespråket. Det er absolutt ikke noe hinder mot å bruke det.

Wetås mener vi som mennesker fort faller for fristelsen til å bruke språk til å se ned på andre.

– Språket bør ikke brukes som et middel til å øke sosiale forskjeller. Om en type språkbruk skiller seg fra det vi er vant til, betyr ikke det at den er dårligere.

Det norske språksamfunnets liberale holdning til språklig mangfold har på mange måter vært en fordel for oss, sier Wetås.

– Mange språksamfunn har en tradisjon for svært trange normer, både i skrift og tale, som bare en liten del av samfunnet mestrer. Da konstruerer man en form for utenforskap som er dårlig både for den enkelte og for fellesskapet.

Ifølge Wetås har vi her i landet en mer liberal holdning til språklig variasjon enn vi hadde tidligere.

– Går man noen tiår tilbake i tid, var det trangere bruksnormer i Norge også, særlig i talespråket. Å snakke på bestemte måter var i mange miljøer en forutsetning, for eksempel i akademia. Å avvike fra normen var sammenlignbart med å gå rundt med flekker på klærne. I dag har vi heldigvis en større toleranse for språklig variasjon og dermed også for språklige endringer, iallfall i talespråket.

Åse Wetås påpeker at trangen til å motsette seg språklige endringer er svært menneskelig.

– Vi mennesker har en tendens til å like at ting er som de har vært i vårt eget livsløp. Ikke minst gjelder dette språket vårt. Også i framtida kommer noen og hver av oss til å rynke på nesa over nye språklige fenomener.



Norsk språk er nøkkelen til norsk arbeidsliv

– Norsk fagspråk bør ha en viktigere plass i det norske utdannings-systemet, sier Språkrådets direktør Åse Wetås.

NHOs KOMPETANSEBAROMETER for 2018 viser at norsk språk står høyt på bedriftenes ønskeliste. Kompetanse i fremmedspråk er også viktig, men kommer lenger ned på listen.

Sats på norsk fagspråk

Undersøkelsen viser at rundt 80 % av NHOs medlemsbedrifter mener at muntlig og skriftlig norsk er viktig for dem. Halvparten av bedriftene mener samtidig at fremmedspråk er viktig. Offentlig sektor er ikke representert i undersøkelsen, men behovet for norskkompetanse er trolig minst like stort der.

– Språket i norsk arbeidsliv er i all hovedsak norsk. Derfor bør det satses på norsk fagspråk i opplæringen, sier Wetås. – Det er et paradoks at universiteter og høyskoler i stadig større grad skifter ut norsk med engelsk både i pensum og undervisning. Det fører til at studentene mister verdifull trening i å utøve faget sitt på norsk.

Tilfeldige språkvalg

Språkrådet har tidligere fått utført undersøkelser som viser at engelsk blir brukt stadig mer i undervisning og oppgaveskriving ved utdanningsinstitusjonene, på bekostning av norsk.

– Norsk arbeidsliv etterspør kompetanse i norsk fagspråk, men fagspråket er ikke sikret med systematisk opplæring. Det gjøres for mange vilkårlige språkvalg i høyere utdanning, ofte styrt av andre behov enn det arbeidslivet og samfunnet trenger, sier Wetås.

Norsk språk er nøkkelen

Kunnskap i norsk er viktig ikke bare for dem som har studert i Norge, men også for dem som kommer fra utlandet for å arbeide i Norge.

– Per i dag har ikke arbeidsinnvandrere fra EØS-området verken rett eller plikt til å delta i norskopplæring når de kommer til Norge, selv om norsk språk er nøkkelen til det norske arbeidslivet og til god integrering i det norske samfunnet.

Nedslag i skandinavisk etternavnshistorie

For første gang i min lange karriere som universitetslærer i nordiske språk har jeg drista meg til å skrive ei hel bok om etternavn, et tema som jeg tidligere ikke har behandla som faglitterær forfatter. Dristig kanskje, men også spennende, for jeg visste ikke helt hva jeg ville finne.

AV ARNE TORP

BOKAS HOVEDTITTEL *Etternavna våre* sier i klartekst hva boka handler om, mens undertittelen *Fra Astrup til Åstorp* virker mer kryptisk. Undertittelen er motivert både alfabetteknisk og egosentrisk: Ettersom A er den første og Å den siste bokstaven i det norske alfabetet, kan tittelen tolkes som at boka er altomfattende, noe den sjølsagt ikke er, og forfatteren har dessuten vært frekk nok til å legge sitte eget etternavn inn i begge navna i undertittelen.

Boka er delvis historisk oppbygd, men i denne orienteringa velger jeg et hovedsakelig synkront og geografisk perspektiv som i kapittel 7, der jeg legger størst vekt på det skandinaviske.

Tilnavn

Historisk sett er det fornavnet vårt som er det «egentlige» navnet, mens alle slags etternavn er såkalte *tilnavn*. Disse tilnavna kan være motivert på ulike vis:

1. Personlige trekk: *Olav Digre, Helga den fagre* i norrøn tid

2. Yrkesbetegnelser: *Jakob Skomaker, Nils Smed*. Slike etternavn er ganske sjeldne i Norden, men svært vanlige i flere andre

europiske språksamfunn (som *Schmidt* i tysk og *Smith* i engelsk).

3. Stedstilhørighet («adressenavn»): *Knut Berg, Jens Bakken*. Dette er en navnetype som er vanligere i Norge enn ellers i Europa.

4. «Farsnavn» (patronym): *Einar Gerhardsen, Anne Knutsdotter*. Far til «landsfaderen» hette *Gerhard*, og far til helten i folkevisa «Eg heiter Anne Knutsdotter» hette utvilsomt *Knut*.

Patronymer blir dominerende

Farsnavn er opphavet til den typen etternavn som dominerer i hele Skandinavia, men i langt mindre grad ellers i verden. Opprinnelig ble alle omtalt som *sønner* eller *døtre* av sine *fedre*.

En ny navneskikk finner vi først nedfelt i lovs form i en dansk «Forordning» fra 1828 som bestemte at alle ved dåpen skulle få både fornavn og etternavn, og at etternavnet skulle være et *patronym*, som heretter skulle ende på *-sen*, uavhengig av kjønn.

Dermed var det gamle systemet med *-sen* (= *-sønn*) og *-datter* rett og slett blitt lovstridig i Danmark. De nye etternavna som nå



Einar Gerhardsen er et såkalt primærpatronym, ettersom Gerhardsens far hette Gerhard. Men han var «født» som *Einar Olsen*; etternavnet *Gerhardsen* tok han og søskena først i voksenalder. Foto: Erik Thorberg / NTB scanpix

ble påbudt, var et felles *-sen*-navn for alle i en søskenflokk uansett kjønn. Dersom Ole er sønn av Hans, blir det fulle navnet altså *Ole Hansen*, men ikke bare Oles brødre får etternavnet *Hansen*, samme etternavn får også Oles søstre: *Eva Hansen*, osv. Og når *Ole Hansen* igjen får sønner eller døtre, får de også etternavnet *Hansen*, trass i at ingen av dem var sønner av *Hans*. Dermed er *Hansen* blitt et såkalt *stivna patronym*; det sier ingenting lenger om navnet på personens far, slik et ekte patronym gjør.

I Sverige kom den såkalte *Namnförordningen* i 1901. Den innebar ikke noe *påbud*

om fast etternavn, bare ei *oppfordring* til å slutte med tradisjonelle patronymer som veksla med hver generasjon og etter kjønn. I det lovlidige Sverige var ei oppfordring nærmest det samme som et påbud.

I 1923 fulgte Norge opp de danske og svenske forbildene og vedtok at alle heretter skulle ha et fast slektsnavn. § 1 i den någjeldende norske *lov om personnavn* fra 2002 lyder slik: «Alle skal ha fornavn og ett enkelt eller dobbelt etternavn og kan i tillegg ha mellomnavn. Enhver har plikt til å bruke sitt fornavn og etternavn som personnavn.»



De vanligste etternavna blir ensretta

Når alle skulle få et fast etternavn og storparten av den mannlige befolkninga bare hadde et tilnavn som sa hvem vedkommende var sønn av, førte det til at folk i hele Skandinavia fikk etternavn som endte på *-sen* og *-son*, der førsteleddet i etternavnet var en refleks av de

fornavna som var på moten i den perioden da faste etternavn ble innført.

Ettersom kristendommen fremdeles hadde et sterkt tak på befolkninga på denne tida, ble det ei veldig overvekt av bibelske navn, særlig navnet på disippelen *Johannes* (jf. *Jensen*, *Hansen*, *Johansen*, *Johansson* osv.), ispedd

folketall 2015:	Norge		Danmark		Sverige	
	5,2 mill. etternavn	x1000	5,7 mill. etternavn	x1000	9,8 mill. etternavn	x1000
1	Hansen	53	Nielsen	255	Andersson	242
2	Johansen	50	Jensen	254	Johansson	242
3	Olsen	49	Hansen	213	Karlsson	215
4	Larsen	38	Pedersen	161	Nilsson	165
5	Andersen	37	Andersen	158	Eriksson	143
6	Pedersen	35	Christensen	118	Larsson	121
7	Nilsen	35	Larsen	115	Olsson	110
8	Kristiansen	23	Sørensen	110	Persson	104
9	Jensen	23	Rasmussen	94	Svensson	98
10	Karlsen	21	Jørgensen	87	Gustafsson	94
11	Johnsen	21	Petersen	78	Pettersson	92
12	Pettersen	20	Madsen	64	Jonsson	72
13	Eriksen	19	Kristensen	61	Jansson	48
14	Berg	18	Olsen	47	Hansson	43
15	Haugen	14	Thomsen	39	Bengtsson	33
16	Hagen	14	Christiansen	37	Jönsson	31
17	Johannessen	13	Poulsen	32	Lindberg	28
18	Andreassen	12	Johansen	31	Jakobsson	26
19	Jacobsen	12	Møller	30	Magnusson	26
20	Dahl	11	Mortensen	29	Olofsson	26
I alt		518		2013		1959
Navn 1–20 i %		10 %		36 %		20 %

Tabellen viser hvor mange tusen personer som har de 20 vanligste etternavna i hvert av landa. Oppsummeringa i den nederste linja viser at de 20 vanligste etternavna utgjør ikke mindre enn 36 % av alle danske etternavn. De tilsvarende tallene for Norge og Sverige er 10 og 20 %.

et og annet kongenavn, særlig den norske *Olav* (*Haraldsson*, jf. *Olsen* og *Olsson*) og den dansk-norske *Christian/Kristian* (som var upopulær i Sverige).

På 20-toppen i Danmark og Sverige er det bare to navn som bryter *-sen/-son*-monotonien, nemlig danske 19 *Møller* og svenske 17 *Lindberg* (jf. tabellen). *Møller* er en yrkesbetegnelse, og den hører dermed til en av de alle vanligste etternavntypene i Europa, mens *Lindberg* kunne se ut som et gårdsnavn, men det er bare utenpå. Men de norske etternavna som ikke er patronymer, 14 *Berg*, 15 *Haugen*, 16 *Hagen* og 20 *Dahl*, har nok rot i norske gårdsnavn.

Språkrådet illustrerer dette på sine nettsider med eksemplet *Karen Elisabeth Torp*, som har to fornavn og ett etternavn, mens *Karen Grøndahl Torp* har ett fornavn, ett mellomnavn og ett etternavn. Når Språkrådet ikke bruker *-sen*-navn som eksempler på mellomnavn og etternavn, kan vel dette tolkes som et forsiktig forsøk på å redusere tallet på de stivna patronymene.

Er *Lindberg* et svensk gårdsnavn?

Det kjente svenske etternavnet *Lindberg* ser jo ut som et navn på linje med norske gårdsnavn som *Lindland* og *Lindstøl*, men slik er det ikke. *Lindberg* hører til en svensk «navnefamilie» med både botanisk uproblematisk sammensetninger som *Lindgren* og *Lindquist*, men også med botaniske absurditeter som *Granlöf*, som 374 svensker har som etternavn.

Ifølge navnegranskeren Ivar Modéer skal rektor på Örebro skole på 1700-tallet ha «funnet opp» diverse navn av lignende type når elevene skulle innskrives. Og denne skikken slo an, trass i at Modéer i forbindelse med navnet *Almlind* kommenterte at rektor «inte var rädd för det naturhistoriskt omöjliga».

Her har altså de forsiktige og ryddige svenskene vært riktig kreative. Ikke mindre

enn 43 av de 100 vanligste svenske etternavna er bygd opp av de følgende elementene, der noen fungerer både som for- og etterledd: *Berg-/berg*, *Holm-*, *Lind-*, *Lund-/lund*, *Ström-/ström*; *-gren*, *-quist*. Dermed kan en få *Berggren*, *Holmberg*, *Lindberg*, *Lundberg*, *Strömberg*, *Berglund*, *Holmquist* osv., osv. Slik har svenskene altså unngått å havne i den danske hengemyra med altfor mange like patronymer som etternavn.

Vi nordmenn har i stedet ofte valgt et norsk gårdsnavn som etternavn, trass i at de fleste av oss ikke lenger bor på den gården som etternavnet kommer av. Med mine språkhistoriske tilbøyeligheter må jeg nok si at jeg har mer sans for virkelige gårdsnavn enn svenske «fantasinavn».

Et personlig etterord

En del av oss som i dag er i 70-åra, var i si tid med på å endre en lang tradisjon med oppkalling av *fornavn*. Samtidig gav noen av oss barna våre doble etternavn etter både far og mor. Vi har dermed et visst ansvar for å ha introdusert en etternavnspraksis som neppe lar seg videreføre over mange slektsledd. En konsekvens ser ut til å være at mange i dag føler de står fritt til å velge eget etternavn. Noen, særlig en del kvinner, går faktisk tilbake til den urgamle tradisjonen med ekte patronym eller metronym, som Audhild Gregoriusdotter Rotevatn eller Kjersti Annesdatter Skomsvold. Andre velger rett og slett fritt blant etternavn som er eller har vært i bruk i slekta, eller de lager rett og slett et nytt etternavn.

Dermed kan det bli spennende å være navneforsker i framtida, men jammen har det vært moro å grave i både den fjerne og nære fortida også!

Arne Torp er pensjonert professor i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Oslo.

Norsk romani

Romani er språket til taterane (romanifolket). Ordtilfanget, bøyingsverket og romani som identitetsmarkør er etter måten godt dokumentert. Men variasjon, syntaks og idiomatikk har vore lite granska.

AV SERGEJ ALEXANDER MUNKVOLD

LITTERATUREN OM ROMANI har vore heller liten, og kan i storo oppsummerast i *The Romany Language in Norway* av Ragnvald Iversen (1944). Boka gjev ei god, men ikkje uttømmende framstilling av formverk, ljodverk og ordfang. Syntaks og tekstdøme er nær fråverande. Fyrste framstillinga av romani gav Eilert Sundt i *Beretning om Fante- eller Landstrygerfolket i Norge* (1850), men han skil ikkje mellom romani og blandingsspråket rodi. Etter Iversen er det kome fleire ordlister og meir teksttilfang på romani, m.a. *Vandriane rakktrar. Taterne forteller / Taterane fortel* (2014), som er redigert av Rolf Theil. Av vitskapleg arbeid har me særleg ei masteroppgåve av Åsta Mari Aune (2011) og ei doktoroppgåve av Jakob Wiedner (2017).

Bøyingsverket

Mykje av ordfanget i romani er nedervt, medan grammatikken stort sett fylgjer skandinavisk mønster.

Substantiv

Det «tradisjonelle» bøyingsmønsteret, slik Ragnvald Iversen skildra det:

	Ubunde eintal	Bunde eintal	Ubunde fleirtal	Bunde fleirtal
Hankjønn (m.)	bakro 'sau'	bakron	bakroar	bakroane
Hokjønn (f.)	busjni 'geit'	busjnia	busjniar	busjniane
	gaje 'jente'	gaja	gajer	gajane
Inkjekjønn (n.)	bers 'år'	berse	bers	bersa

Dette bøyingsmønsteret er tolleg einfelt, men merk vekslinga *gajer* – *gajane*. Sjølv har eg ikkje høyrte dette i bruk; formene *-ar* og *-ane* i hokjønn vik i hovudsak for eit system der hankjønn har *-ar* og *-ane* medan hokjønn har *-er* og *-ene* (t.d. *busjnier* – *busjniene* og *gajer* – *gajene*). Bøyingsmønsteret samsvarar då med talemål fleire stader på Austlandet, der mange tatarar bur.

Bøyingsmønsteret Iversen førte opp, treng ikkje vera eldst. Det kan godt vera at det berre er ein varietet. T.d. førte Iversen opp *dander* eint. f. 'tann' (nylaga etter *dandra* v. 'bita') for eldre *dan* (eint.) – *danjar* (flt.) (hjá Sundt) og *gun(n)ilgurmi* f. 'ku' for eldre *gurni* (hjá Sundt).



På romani kallar ein tv for *alidikkar* (*ali* 'glas', *dikka* 'sjå') og telefon for *tav* ('tråd', jf. slå på tråden).
Foto: LeoPatrizi / iStockphoto

Iversen fann ikkje spor etter dei eldre formene. Sjølv har eg høyrte dei eldre formene *dan* eint. / *danjar* flt. og *gurni* i bruk, men ikkje *dandre* eller *gun(n)i*.

Verb

Verba vert bøyde på to vis: (1) *dikka* 'sjå' – *dikkar* 'ser' – *dikka* 'såg' – *kammar dikka* 'har sett' og (2) *ka* 'eta' – *kar* – *kadde* – *kammar kadd*. Imperativ av det fyrste verbet skifter mellom *dikk* og *dikka*, men *dikka* er vanlegast. Gjennomført infinitiv på *-a* skil seg ut frå austnorsk, som romani synest å fylgja elles, og somme har peika på svensk som mønster her, utan å spesifisera nokon varietet. Det kan vera meir nærliggjande å sjå på indre tilhøve: /a/ er attfinnande i mange bøyingsformer i den dominerande *kasta*-klassa i austnorsk, og eit system med gjennomgåande /a/ er meir einfelt. Det er òg likt til at /ə/ var lite aktuelt for di romani ikkje hadde dette fonemet då den

«norske» bøyinga vart etablert. Rekonstruksjonen heng på uløyste spørsmål om gammalt samkvem og eldre austnorsk målsoge.

Adjektiv

Norsk romani skil ikkje lenger mellom hankjønn og hokjønn i adjektivbøyinga. Det heiter soleis både *gavon honkar bengalo* 'gubben er galen' og *gaja honkar bengalo* (mot eldre **bengali*) 'dama er galen'. Derimot heiter det *bengalo* m. og *bengali* f. når me brukar dei som substantiv, t.d. *dikka bengalia døy!* 'sjå [den] skrulla der!'. Restar av hokjønnsforma finst òg i faste uttrykk som *romani kjeb* 'romani-språket', oftast stytt til *romani*.

Førestellingar om kva som er romani

Den romanien me kjenner til, frå Sundt og fram til i dag, inneheld ein del norske ord. På yta kan dette likna *kodeveksling* mellom romani og norsk, men det er ikkje soleis at

ein målbrukar i eitt tilfelle talar «rein» romani og i eit anna tilfelle blandar romani og norsk – blandinga er ein integrert del av romani. Dei norske orda er lånord og interferens. Omfanget varierer fyrst og fremst frå person til person. Målbrukarane har likevel ei klår oppfatning av kva som er «ekte» romaniord, og kva som ikkje er det. Denne oppfatninga treng ikkje vera språkhistorisk rett. Ein tater på Vestlandet fortalde meg kor forfærd han vart då han som ung høyrde to *buroar* (d.e. «bønder», ikkje-taterar) frå Strilelandet bruka eit romaniord. Buroane skulle jo ikkje vita noko om språket hans. Ordet var (*å*) *miga*. Eit anna ord han nemnde, var *ljot* 'stygg'. Ein tater på Austlandet oppgav *høggram* 'om eit barn som bit' som romaniord. Norske ord som ikkje vert bruka i standardmålet bokmål, kan soleis verta oppfatta som romaniord.

Derimot lyt me kalla det kodeveksling når taterar medvite blandar inn meir norsk enn det som er vanleg. Tanken er då at *bu-roane* ikkje skal skjønna at dei er taterar og talar romani, men likevel ikkje skjønna kva dei seier.

Aldri i beit for ord

Ordfanget i romani er i dag erodert på grunn av vanskeleg tradering og kan synast snautt. I praksis bøter målbrukarane på denne mangelen gjennom å bruka orda dei kjenner, på ein kreativ og assosierande måte. Soleis er somme nylagingar reine kalkeringar over norske ord, t.d. *purranokeral* (samansett av *purrano* 'gamal' og *keral* 'ost') 'gamalost' eller *tiknogulo* (*tikno* 'liten' og *gulo* 'sukker') 'strøysukker', jf. no. dial. *småsuksker*. Andre ord er laga på eige grunnlag, t.d. *alidikkar* (*ali* 'glas', *dikka* 'sjå' og *-ar*) 'tv(-apparat)'. Ikkje alle desse nyorda er like utbreidde. Sume kan vera spontane og berre bruka i den eine samanhengen, som t.d. *kasjtpuj* (av *kasjt* 'tre' og *puj* 'golv') for 'parkett'. Stundom får gamle ord tillagde tydingar, t.d. *tav* ('tråd') som 'telefon' (jf. slå på tråden). Det ned-

ervde suffikset *-ipa* vert framleis nytta produktivt. Eit høvesord som *mutripa* (av *mutra* v. 'miga') kan soleis, alt etter samanhengen, tyda anten 'pissor' eller 'dårleg drykk'.

Eit so generisk ord som *jenna* v. 'telja' er i dag sjeldhøyr. Då eg spurde ein korleis han ville sagt *tel pengane!* på romani (som på «rein» romani heiter *jenna loviane!*), sa han *dikka akter loviane!* ('sjå etter pengane!'). Ein annan fortalde at far hans pla seia *nasja pre templan å dikka etter nå purranot!*, ordrett 'spring (opp) på loftet og sjå etter noko gamalt (d.e. antikvitetar)!'. Merk elles at to ulike målbrukarar i desse døma bruka ulike ord for 'etter'; éin bruka *akter* (frå lågtysk), hin *etter* (frå norsk) – men eit nedvert *pallan* er òg i bruk. Ikkje-norske lånord som *akter* attmed gamle ord som *pallan* stadfester elles at variasjonen mellom ord frå norske og romani berre er vanleg variasjon innanfor eit vidga ordfang med lånord frå norske og andre mål, og ikkje eit utslag av kodeveksling (jf. bolken ovanfor).

Romani er meir enn einstaka ord

Dei som har granska romani, har i stor mon sett på romani som ei samling ord. Men syntaksen og idiomatikken i romani syner at romani står på eigne bein og lever sitt eige liv. Eit vanleg uttrykk på romani er *rak-
ra ful*, som ordrett tyder 'tala drit', men òg 'baksnakka; småprata, tullprata, hefta med prat'. Eit mindre vanleg uttrykk er *mero hon-
kar nevo kei*, som ordrett tyder 'eg er ny her', men som snarare gjev uttrykk for at ein ser for seg ein god handel. Eit anna er *nasjta kji*, som tyder 'ikkje tola, orka', t.d. *mero nasjtar kji gavon* 'eg orkar ikkje (den) karen', men ein kan òg seia *nasjta kji* når ein ikkje evnar noko eller ikkje har tid. Romani har ein del slike uttrykk som granskarar i liten mon har fanga opp.

Sergej Alexander Munkvold har arbeidd med romani hjå Romanifolkets/taternes senter.

Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet.



Johanna Myklebust og Ingegjerd Havro var på vêrtur på Kråkenes fyr i haust. Foto: privat

vêrturisme / uvêrturisme Johanna Myklebust fekk ei oppleving for livet då ho denne veka fekk kjenne uvêret på kroppen ved Kråkenes fyr. No vil reiselivsaktørar langs kysten satse meir på vêrturisme. [...] – Vi vil satse på ei mjuk form for uvêrturisme, der alt skal skje innanfor trygge rammer, seier Wenny Irene Hansen i bedriftsnettverket «Stormwatching Norway».

nrk.no 23.9.2018

helsesnoker Nå blir det enklere å avsløre journalsnoking. Helse Sør-Øst gir 2,9 millioner nordmenn digital tilgang til journalen sin. De håper at det skal skremme vekk «helsesnokerne». [...] – Pasientene skal stole på at det kun er ansatte med tjenestebehov som går inn i journalene, sier Jon-Espen Sjøstrøm [...] ved Sykehuset Østfold.

nrk.no 17.8.2018

orkanskryt Trump får kritikk etter orkanskryt. Da Puerto Rico ble rammet av orkanen Maria i fjor mistet nesten 3000 mennesker livet. Trump kaller USAs innsats en «utrolig suksess». I påvente av at orkanen Florence etter alt å dømme når USAs østkyst torsdag, provoserer president Donald Trump med å skryte av regjeringens innsats under tidligere naturkatastrofer.

nrk.no 12.9.2018

regjeringsforhandle Moderaternas partileder Ulf Kristersson var i går på en rask valgturné i Göteborg. [...] – Hva vil du gi til Sverigedemokraterna for at de skal gjøre deg til statsminister? – Jeg planlegger ikke å gi dem noen ting. Vi vil ikke regjere med eller regjeringsforhandle med Sverigedemokraterna. Men alle må stemme på det de synes er riktig, sier Kristersson.

Aftenposten 5.9.2018

– **KORT FORTALT** så er dette teknologi som for eksempel gjør at roboter kan forstå norsk. Skal din gamle grandtante kunne snakke med helseroboten sin, må den forstå norsk talemål, uansett dialekt. Denne typen automatisk tale-til-tekst-syntese er det Nasjonalbiblioteket skal jobbe med å utvikle, sammen med Språkrådet, forklarer Sira Myhre. Formålet er å sikre at norsk språk forblir bruks- og hovedspråk i norsk arbeidsliv, teknologiutvikling og samfunnsliv.

nasjonalbibliotekar Aslak Sira Myhre, intervju i Dagsavisen

I LÅNTE FJØRER eller *bunad*? Ei bok om importord i norsk (Oslo 2000) har Helge Sandøy ei fornøyleg liste som syner kor plundersamt det hadde vore om vi hadde vore nøydd til å skrive vanlege importord som på originalspråket. Da hadde vi sliti med stavinga av ord som *certificat, chaffeur, station, chance, jaloux, bureauchef, photographie, qualifisere* og mange, mange fleire. Men det finst dei som enno strittar imot når fornorskingsforslaga kjem opp. Cognac og champagne blir ikkje det same når det skrivst konjakk og sjampanje! Smaken blir venteleg annleis ...

spaltist Ingeborg Donali, i OPP

HVIS HØRSELHEMMEDE barn skal kunne tillegne språket sitt på den samme uanstrengte og naturlige måten som hørende barn, må de ha gode rollemodeller som har tegnspråk som morsmål, slik at de kan utvikle en trygg språklig identitet. [...] Det formelle kravet til pedagoger som skal arbeide med tegnspråk-

lige barn i skolen, er i dag et halvt års opplæring i tegnspråk. Dette er selvsagt ikke tilstrekkelig. For barnehageansatte som skal arbeide med tegnspråklige barn, stilles det foreløpig ingen formelle krav til kompetanse i tegnspråk. Dette er oppsiktsvekkende.

språkdirektør Åse Wetås, i Adresseavisen

– **JEG SYNES JO** det er synd at forholdsvis få norske ungdommer tar yrkesfaglige studieretninger. Det gjenspeiles ute på byggeplassene rundt om i landet, hvor du snart ikke hører norsk språk. Med så mange nasjonaliteter blir den daglige dialogen til tider vanskelig. Når det hos enkelte skorter både på norsk- og engelsk-kunnskaper, kan det by på utfordringer. Jeg vil ikke påstå at det går på sikkerheten løs, men misforståelser på grunn av språkbarrierer kan i det minste føre til irritasjon og tidstyveri.

anleggsleiar Per Grothaug, intervju i Byggfakta

ER DU UTE ETTER råd og rettleiing om godt eller rett språk, då skal du gå til Språkrådet sine sider. Dette statlege, rådgivande organet overfor offentlege institusjonar og allmenta, har innhaldsrike nettsider, inkludert eit fylldig meldingsblad: Språknytt, som du kan få gratis i posten eller lese på nett. Språkrådet er ikkje noko supperåd – sjekk ut sjølv!

Øyvind Fenne, i Romsdals Budstikke

Har du eit språkspørsmål, kan du sende ein e-post til sporsmal@sprakradet.no.

Spørsmål: Kan man virkelig si og skrive *ta selvmord*? Og hva med *selvdrap* – er det et ord?

Svar: De siste årene er det blitt stadig vanligere både å si og å skrive *ta selvmord*.

Vi vet at det er ganske mange som reagerer på denne uttrykksmåten. *Ta selvmord* kan opprinnelig være en sammenblanding av *begå selvmord* og *ta livet av seg / ta sitt eget liv*. Vi anbefaler at en på bokmål bruker et av disse to uttrykkene.

Uttrykket *gjøre selvmord* har nokså gamle røtter i norsk talemål. Det ble tatt i bruk i skrift i trettiåra, særlig i arbeiderpressen. (Første eksempel finner vi allereide i *Social-Demokraten* fra 1897.) Varianten med *ta* er minst 30–40 år yngre i skrift og neppe veldig gammel i tale.

På nynorsk heter det enten *gjere/gjera sjølvord*, *ta livet sitt* eller ganske enkelt *ta livet av seg*. De to siste uttrykkene er selvsagt også bokmål, men stilverdien har ikke vært helt den samme i de to målformene. I begge målformer og i talemålet het det før ofte *gjøre av med seg (selv) / gjera av med seg og gjøre/gjera ende på seg*.

Selvdrap er nylig tatt i bruk, blant annet av politiet, som en nøytral eller formildende avløser for *selvmord*. Ordet er faktisk ganske gammelt i norsk, særlig i nynorsk/landsmål (*sjølvdrap/sjølvdråp*). Det er ikke så rart, for i mange norske dialekter har man alltid kunnet si rett fram at den og den *drap seg*. Alt etter sammenhengen kan dette bety 'begikk selvmord', 'slet seg ut', 'omkom'. Det enkle *dræbte sig / drepte seg* har selvsagt også vært brukt i dansk-norsk, riksmål og bokmål.

Spørsmål: Hvem er eldst av eldre mennesker og gamle mennesker?

Svar: *Eldre* er et ullent begrep med flere sider. Den Danske Ordbog hevder at *eldre* = 'med en alder på mere end ca. 60 år; forholdsvis gammel'. Det Norske Akademis ordbok er like spesifikk på sin måte: 'mellem middelaldrende og gammel'.

Paradoksalt nok er *eldre* mennesker yngre enn gamle! Altså: *eldre – gammel – eldst*. «Virkelig gamle» faller utenfor *eldre*-begrepet ovenfor.

Grunnen er naturligvis at *eldre* ofte defineres i forhold til *yngre*, ikke til gamle. På samme måte er *yngre* ofte eldre enn *unge*!

Nå spørres det om ordbokdefinisjonene ovenfor helt dekker moderne norsk språkbruk. I dag er *gammel* og især det særnorske *gammal* blitt tabupregede ord. Man kan diskutere om tabuiseringen demper eller understreker skammen som noen knytter til alderdom. Uansett er ordet *gammel* i stor grad fortrent av *eldre*, som altså er blitt en unyansert evfemisme for *gammel*.

I *eldre mennesker* har vi en absolutt komparativ (en ikke-sammenlignende komparativ), som i *en bedre middag*. Takket være dette grammatiske fenomenet vet ingen riktig hva som er best av «en bedre middag med eldre mennesker» og «en god middag med gamle mennesker», noe som kan bli et stadig mer påtrengende spørsmål for yngre mennesker nå som den såkalte eldrebølgen er i kjølda.

En annen evfemisme for både *gammel* og *eldre*, særlig i sammensetninger, er *senior*, som opprinnelig er komparativ av latin *senex* 'gammel' (med synonymet *senilis*).



Flaum/overfløyning i Skjåk 14. oktober 2018. Foto: Politihelikopteret / NTB scanpix

Spørsmål: Eg leiter etter det rette ordet for oversvømmelse på nynorsk. Det kan då ikkje heita *oversvømming* eller *oversymjing*?

Svar: Der ordet *flaum* ikkje dekkjer, heiter det *overfløyning*, eventuelt at noko *står under vatn*.

Flaum dekkjer *flo*m, det at vatnet i elvar og sjøar stig og fløymer utover, men *flaum* har eit vidare bruksområde enn *flo*m i bokmål. Det dekkjer i grunnen langt på veg *oversvømmelse*, men ein kan bruka *overfløyning* der ein meiner *flaum* ikkje strekk til.

Det at uttrykket *å stå under vatn* manglar eit tilhøyrande substantiv, har medverka til å

fremja ordet *oversvømmelse* i norsk. Det har i neste omgang fått *står under vatn* – som har vore vanleg alle stader – til å vika for partisippet (*å vera*) *oversvømt*.

Før i tida heitte det i nynorsk og mange dialektar gjerne at det *flødde utover*. *Oversvømt* kunne då heita *overflødd*, i alle fall utandørs. (Elles vart dette helst brukt om skjer, berg og anna i og langs sjøen.) *Oversvømmelse* kunne vera både *flaum* og *fløde* (med stum d).

Andre, men mindre aktuelle, ord på området er dei enkle samansetningane *overvatn* (ikkje berre på is) og *ovvatn* (òg om stor vassføring og vatn som går over demningar).

Om Språkrådet

Språkrådet arbeider for å styrkje det norske språket og språkmangfaldet i landet. Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Dette gjer Språkrådet

- Språkrådet samarbeider med offentlege og private aktørar om språkpolitiske tiltak, mellom anna om klarspråk i det offentlege og i næringslivet; fagspråk, terminologi og formidling på norsk; fordeling av nynorsk og bokmål i staten og norskspråkleg teknologi. Vi arbeider for at språkopplæringa skal byggje på språkpolitikken. Vi fører tilsyn med mållova og gjev råd om stadnamn.
- Språkrådet gjev råd og formidlar kunnskap om språk, språkbuk og språkarbeid. Rådgevinga på nett, nettordbøker, kurs, seminar og publikasjonar er viktige verkty i dette arbeidet. Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg. Vi godkjenner norske ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Språkrådet fremjar norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes og samarbeider med språkbrukargruppene. Vi samarbeider med språkinstitusjonar i andre land, mellom anna om å sikre nabospråkforståing i Norden.
- Språkrådet deler ut Språkprisen for framifrå bruk av norsk i sakprosa og andre prisar og stipend. Vi arrangerer den årlege Språkdagen for å setje søkelys på språk og språkbruk i samfunnet.

Hovudmåla for arbeidet til Språkrådet

- Styrkje statusen til norsk språk og bruken på utsette samfunnsområde
- Fremje norsk som eit godt fungerande kultur- og bruksspråk
- Ta vare på det språklege mangfaldet og interessa til språkbrukarane

Direktøren leier sekretariatet i Språkrådet, som mellom anna har tre språkfaglege seksjonar. Styret i Språkrådet er utnemnt av Kulturdepartementet. Språkrådet har tre fagråd med språkkunne og språkengasjerte personar frå heile samfunnet.

www.sprakradet.no
facebook.com/Sprakradet.NO
twitter.com/sprakradet

Språkrådet

Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50

ANSVARLEG REDAKTØR:
Åse Wetås

KOMMUNIKASJONSSJEF:
Anne Kirkhusmo

REDAKTØR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

JOURNALISTAR:
Astrid Marie Grov
astrid.marie.grov@sprakradet.no

Lars Ivar Nordal
lars.ivar.nordal@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artiklar frå
eksterne skribentar står
for forfattaren sitt syn.

Ettertrykk tillate når
kjelda er oppgitt.

OPPLAG: 10 800



Tekstene i dette nummeret
finst òg på Internett:
www.sprakradet.no/spraknytt

Fire nummer i året
Redaksjonen avslutta
26.10.2018

LAYOUT: Beate Syversen
beate@b-7.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Framsideoilustrasjon:
Foto: Gunnar Bratthammer, NRK



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

HISTORIA BAK

Rovdyra våre og namna deira



Vi gjer eit sveip over rovpattedyr i den norske faunaen med etymologisk harelabb. Når vi rekkjer namnespora etter dyra bakover, finn vi tilvisingar til utsjånad, åtferd og habitat. Men somme spor kverv i forhistoria eller ut or landet.

Namna *bjørn* og *jerv* høyrer til fargeriket. *Bjørn*, norrønt *björn*, har nok tydd 'den brune' ein gong i tida. Det var i så fall eit tabunamn. Ein var redd det rette namnet, som er tapt, skulle lokke fram dyret, så ein brukte namnet på fargen i staden. Det var ein liknande otte som låg under då ulven fekk namn som *varg*, *skrubb* og *gråbein*.

Jerven er nærmast namnebror til bjørnen, for 'brun' heitte òg *jarpr* på norrønt. Fuglen *jerpe* har òg namnet herifrå. Vi kan ta med ein gnagar på dette laget, nemleg *beveren*, som reint språkleg er i slekt med bjørnen. Hadde det ikkje vore for påverknad frå mellomlågtyisk (der det heitte *bever*), hadde han forresten heitt *bjor*, som vi finn i mange stadnamn.

Grevling har òg lågtysk opphav. Namnet heng saman med å grave, som ein skulle vente. *Ilder* kjem frå lågtysk via dansk, medan *mink* kjem frå engelsk. Stort meir veit vi ikkje om desse namna.

Gaupe-namnet går attende til norrønt *gaupa* og skal ha samanheng med *gane* 'gap'. *Oteren*, norrønt *otr*, har òg eit eldgamalt namn – det er i slekt med *vatn* og viser sjølvstekt til kvar dyret trivst best. Bortsett frå t-en i *oter* og *vatn* er alle spor av samanheng mellom orda vaska bort av språkutviklinga.

Desse tre kjenner vi det norrøne namnet på: *ulv* (*ulfr*), *rev* (*refr*) og *mår* (*mǫrðr*). Det er mogleg at reven høyrer til på fargelaget ('raudbrun'), men bakgrunnen for dei andre namna er meir uviss.